

## Innhold:

Leder: En etisk utfordring AV TONE SKJERVEN	s 1
Eg syndar dagleg og fortener straff AV JOHN NESSA	s 2
På grunnfjellet. Tunge dagar AV ASLAK BRÅTVEIT	s 5
• Ar troen blir en belastning og ikke en ressurs... – en presentasjon av et nytt behandlingsopplegg VED ØYSTEIN BAKKEVIG	s 8
Kan troen gjøre meg frisk? Om frelse og helse i kristen tro AV KJELL A. NYHUS	s 12
Bedehusbilete. FRA BOKEN «BEDEHUSBILETE» FOTO: KNUT BRY. DIKT: HELGE TORVUND	s 16
Tveit Transitt. Et samfunns- medisinsk drama i fem akter NEDTEGNET AV DAGFINN HAARR	s 18
Polyfarmasi – en utfordring i moderne medisin AV KNUT LAAKE	s 21
Ord i alvor om «kulturelt misbruk» av B-preparat AV EIVIND BESTBØ	s 24
Kronikk, opprinnelig publisert i Politiken: At visne nogenlunde glad AV TAGE VOSS	s 26
Faste spalter	s 30

# utposten

## Kontor:

RMR/UTPOSTEN  
Sjøbergvn. 32, 2050 Jessheim  
Tlf. 63 97 32 22. Fax 63 97 16 25  
E-mail: rmrtove@online.no

Adresseliste redaktørene av  
UTPOSTEN:

### Torgeir Gilje Lid

*Koordinator*  
Heskestadv. 11  
4015 Stavanger  
Tlf: 51 52 10 71  
Fax: 51 52 61 52  
E-mail: giljelid@online.no

### Jannike Reymert

Skogstien 16  
7800 Namsos  
Tlf: 74 27 33 50  
Fax: 74 27 54 10  
E-mail: jannike.reymert@c2i.net

### Elisabeth Swensen

Klokkskogemoen  
3840 Seljord  
Tlf: 35 05 04 42  
E-mail: elswense@online.no

### Gunnar Strøm

Skogv. 29  
3660 Rjukan  
Tlf: 35 09 22 28  
Fax: 35 09 06 40  
E-mail: gunnars@telnett.no

### Frode Forland

Herregårdsv. 2 F  
1168 Oslo  
Tlf: 24 16 31 10  
Fax: 22 16 30 09  
E-mail: frode.forland@c2i.net

### Erik J. Pedersen

Heskestadv. 13  
4015 Stavanger  
Tlf: 51 52 75 60  
Fax: 51 90 69 01  
E-mail: ejped@online.no

### Tone Skjerven

Modum Bad  
3370 Vikersund  
Tlf: 32 78 70 96  
Fax: 32 78 83 08  
E-mail: tone.skjerven@c2i.net

**Forsidefoto:** Digital Stock

**Layout/ombrekning:** Morten Hernæs, PDC Tangen

**Design, repro og trykk:**  
PDC Tangen

# En etisk utfordring

**F**or en tid tilbake fikk jeg en CD av en pasient, han hadde tatt opp musikk til meg. Mange av låtene var av Bjørn Eidsvåg og Sigvart Dagsland, sterke, talende tekster med klar adresse til kristen tro. Jeg måtte gå tilbake til pasienten for å spørre om dette var ment som et budskap om et tema vi ikke hadde tatt opp i timene. Er det slik at vi er redde for å ta opp temaer knyttet til folks tro?

I dette nummeret vil vi sette fokus på medisin og religion. Vi har vært gjennom en epoke hvor det ikke har vært god tone for legen å snakke med pasienter om tro. I psykiatrien, der det kanskje er mest viktig å ta opp dette tema, har det i visse kretser nærmest vært tabu. Dette er i ferd med å endre seg, blant annet gjennom at troshistorien inkluderes som en viktig del av anamnesen.

Gudstro og religiøst liv kan ha fundamentalt forskjellig virkning på forskjellige mennesker. For noen kan troen virke helsebringende, for andre kan den være sykdomsfremkallende. En del mennesker har traumatiske opplevelser fra tilknytning i forskjellige menigheter i oppvekst eller tidlig voksent liv. Ofte ser vi at skyld og skam, som kan lede til helseproblemer av både psykisk og fysisk art, henger sammen med pasientens religiøse liv på en eller annen måte. Fra forskningsfronten hevdes det at religion således kan ha fem forskjellige funksjoner. Den kan virke som en sosialiserende faktor, eller være en trygg havn. Tro kan også virke som terapi. På den andre siden kan den virke undertrykkende eller være uttrykk for mental forstyrrelse (1). Mer oppsiktsvekkende er det at bønn fører til kortere

forløp av sepsis, noe som er vist i en randomisert kontrollert studie gjengitt i BMJ (2). Det finnes også undersøkelser som viser at f.eks. adventister har bedre helse enn normalbefolkingen. Dette skyldes antakelig levesettet mer enn troen.

Mange vil spørre seg hvordan legen skal ta opp slike spørsmål med pasientene sine. De færreste vil ha mot til å bruke en så utradisjonell måte å nærme seg en døende pasient på som Aslak Bråtvæit forteller om i dette nummeret. Noen vil være helt uenig i at en lege skal bruke bibel og bønn i møte med pasienten. Men av og til kan det kanskje være nyttig å åpne opp for en undring over troens betydning for helsa. Det vil da være viktig å kunne sortere ut områder som tilhører sjelesorgen. Uansett vil de fleste av oss ha et forhold til religion, enten man er aktivt troende eller ikke. Det vil med sikkerhet prege vår måte å nærme oss dette tema på overfor pasienten. Det er dette John Nessa viser oss i fortellingen om turnuskandidatens møte med en abortsøkende kvinne.

Nessa peker på at vi bør være bevisst vår rolle, både som sårbarer mennesker i verden, og i vår legerolle der vi møter sårbarheten gjennom sykdom og lidelse. Vi bør reflektere over hvilken betydning vi har for hverandre. Den danske teologen K.E. Løstrup, har uttrykt dette godt i sin formulering av 'den etiske fordring': «Den enkelte har aldri med et annet menneske å gjøre uten å holde noe av dette menneskets liv i sine hender. Det kan være svært lite, en forgående stemning, en oppstemthet en vekker eller får til å visne, en tristhet en forsterker eller letter. Men det kan også være skremmende mye, slik at det simplethen er opp til den enkelte om den andre lykkes med livet sitt eller ikke.» (3)

Tone Skjerven

## Referanser:

- Spilka B, Hood RW Jr., Gorsuch RL. *The psychology of religion. An empirical approach*. Englewood Cliffs, NJ: Prentice-Hall, 1985
- BMJ 2001;323:1450-1451
- Løstrup K.E. *Den etiske fordring*. Cappelens Forlag 2000.

# Eg syndar dagleg og fortener straff

AV JOHN NESSA

Lat meg starte med ei anekdote frå bygda her eg bur. Distriktslegen var kjent for å ha eit uvanleg godt grep på folk. Alle elsa han, venterommet var aldri tomt. Han blei spurta sine kollegar om koss det kunne ha seg at alle ville til han. Han svara med å fortelje ei historie.

Det var fredag kveld, og han hadde vakt i distriktet. Kona ringte på vegne av mannen. Han var så ille plaga av si leddgikt. Distriktslegen kjende både kona og mannen, og forsikra om at det var lite han kunne gjøre med plagene til mannen. «Ja, vi veit det», sa kona. «Kan du ikkje likevel komme på sjukebesøk?» Han lova det. Han kom, og prata med patienten. Forsikra igjen om at det var lite han kunne gjøre. «Ja, vi veit det» sa kona. «Kan du ikkje likevel undesøkje han?» Han gjorde det, og forsikra igjen om at det var lite han kunne gjøre med tilstanden. «Ja, vi veit det», sa kona. «Kan du ikkje likevel be saman med oss?». Og så gjorde han det.

Denne legen var ikkje såkalla personleg kristen. Men han var presteson. Det er interessant å reflektere over kor grensa går for vår rolle som legar når vi blir stilt overfor ei utfordring som dette. Er det akseptabelt, eventuelt uakseptabelt å be saman med pasienten? Er det i tråd med evidensbaserte retningslinjer å falde hendene under konsultasjonen? Eller er det det motsette, å undergrave fagets seriøsitet som vitenskapleg basert medisin? Kva demonar er det ein prøver å utdrive ved å falde hendene? Er det å score billige poeng på popularitetsbørsen hos pasienten, eller er det å avsløre at ein er usjølvstendig og hjelpelaus utan evne til å setje grenser? Blir det nokon skilnad om legen sjølv er kristen eller ikkje? I kor stor grad er det å be eit allmennkulturelt uttrykk, og i kor stor grad er det noko djupt privat, som å ha sex eller pille seg i nasen?

## Kva er eit livssyn?

Problemstillinga eg har fått oppgitt er korleis tru og livssyn pregar arbeidet som allmennlege. Eg vil svare på det indirekte, ved å gå to skritt tilbake og reflektere over kva vi meiner med tru og livssyn. Utgangspunktet er problematisk. Livssyn i tradisjonell forstand, alt som smaker religion har hatt trange kår i vårt fagfelt det siste hundreåret. Det vart så seie oppheva ved kongeleg resolusjon av Helsedirektora-


tets yppersteprest Karl Evang. Det å ha eit livssyn var ein leining som rett nok ikkje var heilt forbode. Men ein skulle ikkje praktisere det. Som å vere pedofil i ein barnehage. Ingen heldig kombinasjon. Ein av Evans våpendragarar, psykiataren Jon Leikvam skreiv i 1933 ein artikkel om skuldkjensle og moral at han ville «til beroligelse allerede her fremheve at det naturvitenskapelige synet på det religiøse så langt fra er spottende, det er tvert imot preget av forståelse og overbærenhet» (1).

Ikkje spottande. Men overbærende. Er det plass til livssyn i ei eindimensjonal medisinsk verd prega av empirisk snusfornuft og sakleg overbærenhet?

Temaet er også vanskeleg fordi det er så personleg. Skal eg reflektere over dette må eg ta utgangspunkt i meg sjølv. Er eg kristen? I så fall, kva meiner eg med det? I følge konfirmantpresten forrige helg er eg kristen fordi eg er døypt. Min muslimske ven seier eg er kristen fordi eg er frå Noreg. Ungane mine seier eg er ikkje kristen fordi eg har ein annan livsstil enn dei kristne. Ei gamal kone som var min pasient sa etter ho hadde fått med seg at eg hadde tala under ei gudsteneste at «det var godt du gjorde det. For då har me fått plassert deg.»

Er eg kristen? Nei. Er eg ikkje kristen? Nei. Kva er eg då? Eg rett og slett er. Det å vere til, det å eksistere er noko meir dynamisk enn å klister på seg merkelappar. Hør ikkje på meg. For eg er grunnleggjande upåliteleg. Spesielt i åndelige spørsmål. Det eg mente i går, meiner eg ikkje i dag. Det eg meiner i dag, vonar eg vil endre seg til i morgen. Skal eg forbli og vere meg sjølv, må eg endre meg, ta inn nye impulser, opne meg for livet, justere kurser, leve og vere til. Men eg er altså døypt. Og kan ikkje la det vere u gjort.

I vår kultur handlar det gjerne om ein er kristen eller ei. Og kristen betyr gjerne «personleg kristen». I seg sjølv ei problematisk formulering som ein må forstå på bakgrunn av historiske og kulturelle forhold. Eg trur ikkje det betyr noko særlig for vår praksis som legar om ein har den eine eller den andre merkelappen. For vi er meir like i vår legerolle enn det som skiljer oss når det gjeld gudstru. I ei viss forstand er vi modernisert og avkristna uavhengig av tru-vedkjenning. Det er makt i de foldede hender. Likevel trur



forlatt, det er eg som har hamna  
 forbi, det er dei andre. Den mi  
 er Kristus.  
 Fortellinga får eit eksister  
 tapt, har hamna blant r  
 kan ikkje unnsleppa si  
 Men det er også ein c  
 av Jean Paul Sartre  
 hevdat mennesk  
 ikkje sjølv har v  
 verda, er ansva  
 andre. Og eit  
 har oversikt og prøver å  
 punkt. Det opp og  
 er å bli gjed sukk  
 er å bli ei dag-  
 for Sip.

vi ikkje på ein slags overjordisk magi ved å be. Vi trur ikkje Vårherre opphever naturlovene. Vi prøver ikkje å fordrive demonar. Vi har eit anna språk for psykens irrgangar enn dei hadde i middelalderen. Vårherre er omorganisert og plassert på museum, meir synleg på søndagane enn i kvar-dagen. Vårherre er førtidspensionert. Det medisinske hus er møblert med modernitetens tru på vitskapleg fornuft, teknologisk framskritt og individuell fridom.

Ho bad om time hos sin faste lege. Men han var bortreist. Difor måtte ho finne seg i å gå til turnuslegen. Turnuslegen var eit profilert medlem i den lokale frikyrkja. Han ville ikkje at ho skulle søkje abort i første omgang. Ho hadde tid til å tenkje seg om. Og ho gjorde det. Då ho kom til kontroll ei veke seinare, ville ho ikkje søkje abort. Den faste legen, som eg kjerner svært godt, ville nok ha formidla ein abortsøknad ved første konsultasjon. Og fått «problemet» ut av verda.

Det er nærliggjande å tenkje at her har tru og livssyn overstyrt legen. Eg tvilar på det. Eg trur berre rett og slett at han har gjort ein betre jobb enn den faste legen ville ha gjort. Ikke fordi han fekk henne til å endre standpunkt. Men fordi han fekk henne til å tenkje seg om. Han har brukt god tid, tatt pasienten på alvor og samstundes gjort seg sjølv synleg som fagperson. Han har ikkje moralisert. Ikke presentert private meininger om abortlov og abortpraksis. Han har ikkje sabotert pasientens ønske. Han har fulgt alle dei gode medisinsk etiske prinsippa. Som så ofte er tilfelle med tur-nuslegane har han gjort ein grundigare jobb enn det den meir erfarte fastlegen ville ha gjort. Og den abortsøkjande kvinnen er no ei lukkeleg mor. Hadde ho komme til meg, hadde ho no kanskje vore ei like lukkeleg kvinne utan barn. Kva veit eg?

Tru og livssyn er noko viktige. Det er medvitne om at vi har dei, og ikkje tru og livssyn pregar verda. Men på eit djupare plan er tru og livssyn surt i vårt daglege slit. Eit livssyn bidrar til at noko det er vanskeleg å ha eit språk om. Livssyn til eksistensen, livssyn tematiserer dei gjeldende spørsmål, dei spørsmåla som er majestetiske, store og små og banale på same tid. Kva er eit menneske? Kva med døden? Kva med kjærleiken? Kven er min neste? Ikke minst tematiserer tru og livssyn spørsmål om liding, sjukdom og død. Ved læger hvad sygdom er? er titelen på ei lita dansk bok (2). Kollega Haakon Lærum svarer nei. Danske legar veit ikkje kva sjukdom som eksistensiell erfaring er. Og då får dei gjerne problem dei ikkje så lett kjem ut av.

### Aslak Bråteit og Jean Paul Sartre (i prioritert rekkekølge)

Eg var på Nidaroskongressen i Trondheim. Asbjørn Aarnes hadde nettopp førelse om Emanuel Levinas, denne merkverdige litauisk-franske filosofien som insisterer på Den Annens ansikt som utgangspunkt for vårt ansvar for kvarandre. Eg veit ikkje heilt om eg har forstått kva Levinas vil fortelle oss, og heller ikkje heilt kva som er relevansen for medisinsk praksis. Aarnes drog fram fortellinga om den miskunnsame samaritanen for å illustrere Levinas. Den forlatte i veigrøfta er Den Andre. Det er vi som går forbi. Vår plikt er å sjå, vår plikt er å hjelpe.

Så er det kommentarar frå salen. Kollega Aslak Bråteit reiser seg og presenterer ei ny fortelling om samaritanen. Den forslatte i grøfta, det er meg og deg. Det er eg som er

# Eg syndar dagleg og fortener straff

AV JOHN NESSA

Lat meg starte med ei anekdote frå bygda her eg bur. Distriktslegen var kjent for å ha eit uvanleg godt grep på folk. Alle elsa han, venterommet var aldri tomt. Han blei spurt av sine kollegar om koss det kunne ha seg at alle ville til han. Han svara med å fortelje ei historie.

Det var fredag kveld, og han hadde vakt i distriktet. Kona ringte på vegne av mannen. Han var så ille plaga av si leddgikt. Distriktslegen kjende både kona og mannen, og forsikra om at det var lite han kunne gjøre med plagene til mannen. «Ja, vi veit det», sa kona. «Kan du ikkje likevel komme på sjukebesøk?» Han lova det. Han kom, og prata med patret. Forsikra igjen om at det var lite han kunne gjøre. «Ja, vi veit det» sa kona. «Kan du ikkje likevel undesøkje han?» Han gjorde det, og forsikra igjen om at det var lite han kunne gjøre med tilstanden. «Ja, vi veit det», sa kona. «Kan du ikkje likevel be saman med oss?». Og så gjorde han det.

Denne legen var ikkje såkalla personleg kristen. Men han var presteson. Det er interessant å reflektere over kor grensa går for vår rolle som legar når vi blir stilt overfor ei utfordring som dette. Er det akseptabelt, eventuelt uakseptabelt å be saman med pasienten? Er det i tråd med evidensbaserte retningslinjer å falde hendene under konsultasjonen? Eller er det det motsette, å undergrave fagets seriøsitet som vitskapleg basert medisin? Kva demonar er det ein prøver å utdrive ved å falde hendene? Er det å score billige poeng på popularitetsbørsen hos pasienten, eller er det å avsløre at ein er usjølvstendig og hjelpelaus utan evne til å setje grenser? Blir det nokon skilnad om legen sjølv er kristen eller ikkje? I kor stor grad er det å be eit allmennkulturelt uttrykk, og i kor stor grad er det noko djupt privat, som å ha sex eller pille seg i nasen?

## Kva er eit livssyn?

Problemstillinga eg har fått oppgitt er korleis tru og livssyn pregar arbeidet som allmennlege. Eg vil svare på det indirekte, ved å gå to skritt tilbake og reflektere over kva vi meiner med tru og livssyn. Utgangspunktet er problematisk. Livssyn i tradisjonell forstand, alt som smaker religion har hatt trange kår i vårt fagfelt det siste hundreåret. Det vart så å seie oppheva ved kongeleg resolusjon av Helsedirektora-


tets yppersteprest Karl Evang. Det å ha eit livssyn var ein lekning som rett nok ikkje var heilt forbode. Men ein skulle ikkje praktisere det. Som å vere pedofil i ein barnehage. Ingen heldig kombinasjon. Ein av Evans væpendragarar, psykiataren Jon Leikvam skreiv i 1933 ein artikkel om skuldkjensle og moral at han ville «til beroligelse allerede her fremheve at det naturvitenskapelige synet på det religiøse så langt fra er spottende, det er tvert imot preget av forståelse og overbærenhet» (1).

Ikkje spottende. Men overbærende. Er det plass til livssyn i ei eindimensjonal medisinsk verd prega av empirisk snusfornuft og sakleg overbærenhet?

Temaet er også vanskeleg fordi det er så personleg. Skal eg reflektere over dette må eg ta utgangspunkt i meg sjølv. Er eg kristen? I så fall, kva meiner eg med det? I følge konfirmantpresten forrige helg er eg kristen fordi eg er døypt. Min muslimske ven seier eg er kristen fordi eg er frå Noreg. Ungane mine seier eg er ikkje kristen fordi eg har ein annan livsstil enn dei kristne. Ei gamal kone som var min pasient sa etter ho hadde fått med seg at eg hadde tala under ei gudsteneste at «det var godt du gjorde det. For då har me fått plassert deg.»

Er eg kristen? Nei. Er eg ikkje kristen? Nei. Kva er eg då? Eg rett og slett er. Det å vere til, det å eksistere er noko meir dynamisk enn å klister på seg merkelappar. Hør ikkje på meg. For eg er grunnleggjande upåliteleg. Spesielt i åndelige spørsmål. Det eg mente i går, meiner eg ikkje i dag. Det eg meiner i dag, vonar eg vil endre seg til i morgen. Skal eg forblig vere meg sjølv, må eg endre meg, ta inn nye impulsar, opne meg for livet, justere kurser, leve og vere til. Men eg er altså døypt. Og kan ikkje la det vere ugjort.

I vår kultur handlar det gjerne om ein er kristen eller ei. Og kristen betyr gjerne «personleg kristen». I seg sjølv ei problematisk formulering som ein må forstå på bakgrunn av historiske og kulturelle forhold. Eg trur ikkje det betyr noko særleg for vår praksis som legar om ein har den eine eller den andre merkelappen. For vi er meir like i vår legerolle enn det som skiljer oss når det gjeld gudstru. I ei viss forstand er vi modernisert og avkristna uavhengig av truvedkjenning. Det er makt i de foldede hender. Likevel trur



ILLUSTRASJONSFOTO

vi ikkje på ein slags overjordisk magi ved å be. Vi trur ikkje Vårherre opphever naturlovene. Vi prøver ikkje å fordrive demonar. Vi har eit anna språk for psykens irrgangar enn dei hadde i middelalderen. Vårherre er omorganisert og plassert på museum, meir synleg på søndagane enn i kvar-dagen. Vårherre er førtidspensionert. Det medisinske hus er møblert med modernitetens tru på vitskapleg fornuft, teknologisk framskritt og individuell fridom.

Ho bad om time hos sin faste lege. Men han var bortreist. Difor måtte ho finne seg i å gå til turnuslegen. Turnuslegen var eit profilert medlem i den lokale frikyrkja. Han ville ikkje at ho skulle sokje abort i første omgang. Ho hadde tid til å tenkje seg om. Og ho gjorde det. Då ho kom til kontroll ei veke seinare, ville ho ikkje sokje abort. Den faste legen, som eg kjenner svært godt, ville nok ha formidla ein abortsøknad ved første konsultasjon. Og fått «problemet» ut av verda.

Det er nærliggjande å tenkje at her har tru og livssyn overstyrt legen. Eg tvilar på det. Eg trur berre rett og slett at han har gjort ein betre jobb enn den faste legen ville ha gjort. Ikke fordi han fekk henne til å endre standpunkt. Men fordi han fekk henne til å tenkje seg om. Han har brukt god tid, tatt pasienten på alvor og samstundes gjort seg sjølv synleg som fagperson. Han har ikkje moralisert. Ikkje presentert private meininger om abortlov og abortpraksis. Han har ikkje sabotert pasientens ønske. Han har fulgt alle dei gode medisinsk etiske prinsippa. Som så ofte er tilfelle med tur-nuslegane har han gjort ein grundigare jobb enn det den meir erfarne fastlegen ville ha gjort. Og den abortsøkjande kvinnen er no ei lukkeleg mor. Hadde ho komme til meg, hadde ho no kanskje vore ei like lukkeleg kvinne utan barn. Kva veit eg?

Tru og livssyn er noko vi alle har, sjølv om vi ikkje alle er medvitne om at vi har det. På eit overflatisk plan trur eg ikkje tru og livssyn pregar vår praksis i særleg grad. Men på eit djupare plan er tru og livssyn ei betydeleg ressurs i vårt daglege slit. Eit livssyn bidrar med eit språk for noko det er vanskeleg å ha eit språk om. Livssyn gir eit språk til eksistensen, livssyn tematiserer dei grunnleggjande spørsmål, dei spørsmåla som er majestetiske og store og små og banale på same tid. Kva er eit menneske? Kva med døden? Kva med kjærleiken? Kven er min neste? Ikkje minst tematiserer tru og livssyn spørsmål om liding, sjukdom og død. Ved læger hvad sygdom er? er titelen på ei lita dansk bok (2). Kollega Haakon Lærum svarer nei. Danske legar veit ikkje kva sjukdom som eksistensiell erfaring er. Og då får dei gjerne problem dei ikkje så lett kjem ut av.

### Aslak Bråtvit og Jean Paul Sartre (i prioritert rekkefølge)

Eg var på Nidaroskongressen i Trondheim. Asbjørn Aarnes hadde nettopp førelse om Emanuel Levinas, denne merkverdige litauisk-franske filosofien som insisterer på Den Annens ansikt som utgangspunkt for vårt ansvar for kvarandre. Eg veit ikkje heilt om eg har forstått kva Levinas vil fortelle oss, og heller ikkje heilt kva som er relevansen for medisinsk praksis. Aarnes drog fram fortellinga om den miskunnsame samaritanen for å illustrere Levinas. Den forlatte i veigrøfta er Den Andre. Det er vi som går forbi. Vår plikt er å sjå, vår plikt er å hjelpe.

Så er det kommentarar frå salen. Kollega Aslak Bråtvit reiser seg og presenterer ei ny fortelling om samaritanen. Den forslatte i grøfta, det er meg og deg. Det er eg som er

forlatt, det er eg som har hamna blant røvarar. Dei som går forbi, det er dei andre. Den miskunnsame samaritanen, det er Kristus.

Fortellinga får eit eksistensielt innhald. Eg er dømt og fortapt, har hamna blant røvarar, kan ikkje frelse meg sjølv, kan ikkje unnslepp situasjonen. Dette er ein kristen tanke. Men det er også ein eksistensiell filosofiske tanke, formulert av Jean Paul Sartre. Han var ateist og kommunist. Han hevda at mennesket er dømt til å vere fritt. Dømt fordi ein ikkje sjølv har valgt å bli fødd, og fri fordi ein når ein er i verda, er ansvarleg for det ein gjer. Ein er ansvarleg overfor andre. Og ein er ansvarleg for ting ein ikkje nødvendigvis har oversikt over. Dette er ikkje eit etisk/moralsk standpunkt. Dette er eit eksistensielt faktum. Å vere menneske er å bli overlatt til andre, å ex-istere er å bli kasta ut i det, det er å bli tvinga til å vere med-menneske, så å seie å bli kasta for ulvane, å falle blant røvarar. Og andre som går forbi.

Sartre sa meir. Han sa at helvete er dei andre. Det var kanskje difor han valde å bu heime hos mora si heilt til ho vart 80 år, og ikkje eingong flytta saman med kjærasten sin, Simone de Beauvoir. Det var nok best slik. Minst helvete heime hos mor.

Helvete er dei andre. Den store risikoen i livet er ikkje å hoppe basehopp frå Kjerag, men å gi seg over til andre. Kjærleik, intimitet, dei andre er verkeleg risiko (3). I Sartres univers er eg fri. Men eg er også dømt til å eksistere i eit slags helvete.

Aslak si fortelling traff min barnelærdom. Det som er blitt hamra inn i mitt sinn, er at eg er eit syndig og hjelpelaust fortapt menneske. Det er ingen därleg ballast å ha med seg i livet. For det er sant. Det er sant at eg er syndig i den forstand at eg kjem til kort. Det er sant at eg går forbi - og må gå forbi. For middagen og pliktene ventar heime. Det er og sant at eg har falle blant røvarar. Og det er sant at eg syndar dagleg. For eg kan ikkje flytte to steinar utan at eg øver vald på noko, kan ikkje gjere noko som helst utan at eg risikerer at andre blir såra. Synd er ikkje noko eg gjer. Det er noko eg er. Det er min skjebne, min eksistens. Eg er fortapt fordi eg er utlevert til sårbarheten og døden. Melankoliens svarte sol lyser i horisonten. Eg syndar dagleg og fortener straff.

### Identitetsoppløysning og religiøs oppblomstring

Enkelte utviklingstrekk i samtida tyder både på ei allmenn religiøs oppblomstring og at kyrkja igjen får større betydning for folk flest. Samstundes kjem medisin og religion nærmare kvarandre. Ein får ein slags terapi- og psykoreligiositet der medisinen utfordres til å dra omsorg for heile mennesket, og der det kyrkjelege språket blir meir og meir lik terapeutens.. Det handlar om kompenserande identitetssik-

ring som reaksjon på den allmenne identitetsoppløysningen. Moderniseringa og sekulariseringa har belasta identiteten vår så sterkt at religiøsitet revitaliseres som kompensasjon og reparerande krisebehandling (4)

### Mellom logos og kaos

Psykiataren Irvin D Yalom hevdar at det er fire dimensjoner som har relevans for psykoterapi: Dødens realitet som trussel og tema gjennom heile livet, fridommen til å leve slik ein ønsker, det faktum at vi på grunnleggjande vis er heilt alleine her i livet, og mangelen på nokon openberr meining i tilveret. Som studiekamerat og kollega Øyvind Bruland uttrykkjer det, i ein artikkel i ei bok der denne artikkelen er grunn god nok til å skaffe seg heile boka: Fra et stort ingenting blir vi født inn i en kaotisk verden. Helt fra starten av strever vi etter logos - orden, harmoni og likevekt. Men -ustanselig innhentes vi av kaos - sult, frost, ensomhet, sykdom, angst og usikkerhet. Angsten for det store intet (3).

*Om du tror på gud  
Och någon gud inte finns  
Så är din tro  
et enda större under  
Då er den verkliga  
någon ting ofattbart stort  
Hvarför ligger det en varelse nere i mörkret  
och ropar på något som inte finns?  
Hvarför forholler det seg så?  
Det finns ingen som hör  
att någon ropar i mörkret  
Men hvarför finns ropet?*

(Fra «Afstand» av Pär Lagerkvist)

Øyvind Bruland skriv også at som lege får ein sterke korrektiv på eigne plager, irrgangar, svartsinn: «I hver 16-åring med benkreft ser jeg mitt eget barn, i hver 40-åring med brystkreft ser jeg min ektefelle, i hver 70 åring med prostatakreft min far, og i hver og en av dem - meg selv»

Ei grunnhaldning i livet, kall det gjerne tru, kall det gjerne livssyn, som tar dette inn over seg vil oppdra til sjølvmedvit om kor sårbar ein er, den vil føre til ei open interesse for andre menneske, og ei generell audmjuk grunninnstilling til det vi driv på med. Slik sett vil den prege vårt virke som allmennlege. Og er ein blind og døv for desse perspektiva er det kanskje betre om ein slepp å arbeide med menneske.

### Litteratur

- Leikvam J. Skyldfolelse og moral. Populært Tidsskrift for Seksuell Opplysning 1933;2:212-28.
- Lærum H. Ved læger hvad sygdom er? København: Foreningen af danske lægestuderendes forlag, 1994.
- Skårderud F. Uro. En reise i det moderne selvet. Oslo: Aschehoug, 1999.
- Krogseth O. Identitet og kultur. Inter Medicos, nr 1, 2000:4-9.
- Bruland ØS. «Tanker i tresko». Et kreftleges refleksjoner mellom logos og kaos. I: Kaos, logos og kjærlighet. Festskrift i anledning Kreftregisterets jubileum og Frøydis Langmarks 60-års dag. Oslo, 2001:40-51.

# På Grunnfjellet

## *Tunge dagar*



ILLUSTRASJONSFOTO

AV ASLAK BRÅTVEIT

Kva er retninga og meinings? Eg vaknar tidleg og prøver å tenkja på ingenting. Tankane mine er dystre og vonde. Eg er ei plage for familien min. Om morgonen står eg opp og sukkar, eg et maten min og sukkar, så syklar eg med sukk og tyngsle til arbeidet. Det kostar å gjennomføra dei daglege vanar. Vekta går ned. I magen ligg ein tung klump.


Ein dag ligg eg i senga og stirrer i taket. Den som berre kunne finna ein tilstand der det ikkje var tankar eller kjensler lengre. Over meg ligg takplatene i firkanta mønster. Ikke disharmoni der, men inne i meg.

«Aslak, Aslak!» det høyrest rop utefrå. Det er Per som ropar, han høyrest veik og fortvila ut. Per er komen att frå opphold på sjukehus i Tyskland. Kreftsjukdomen har teke tak i kroppen nå. I Noreg er det ingen lækjar som kan lova han botevon. Nå er han avkrefta, har tynne armar og føter. Magen er svulmande, pusten er svekka. Draget i andletet har eldst mykje dei siste månadane. Maten må han truga i seg.

Kvifor ropar han på meg? Eg dreg meg ut or senga, halar på meg bukse og skjorte og tuslar ned i gongen. Kor kjem ropa frå? Får gå bort til huset hans for å finna ut kva han vil.



**Aslak Bråtveit** blastula på vårparten 1951. Mor frå kystkommune, Austre Bokn i Ryfylke. Far frå fjellbygd, Bråtveit i Suldal. Gift med Signy frå Finnøy (Ryfylke) og har budd der frå 1979. Avkom: Gut 78, gut 80 og jente 83. Turnusteneste, privat praksis, distriktslege og sidan kommunelege same stad. Spesialist i allmennpraksis frå 1986, arbeider i allmennpraksis, er tilsynslege på Finnøy sjukeheim, fast på helsestasjonen. Har arbeidd noko med luftvegsinfeksjonar og bruk av CRP. (Fekk NSAM sin forskingspris 1997). Knytt til Inst for allmennmedisin i Bergen, deltek i undervisning av studentar på instituttet og i eigen praksis. Deltakar i MidtRyfylke Legegruppe frå 1979. Har utvikla eit kjærleiks/hat tilhøve til EDB: Står alt for ofte til knea i datahengjemyra, har ansvar for program og maskinar i nettverk for helse og sosialtenesta. Stor glede av å spela kontrabass eller piano (eller gitar eller fløyte...) Syng i Finnøy kyrkjekor. Les i Bibelen og møter der sterke bilete, frigjerande ord og stor visdom. På nippet til å hamna i Bangladesh på vegne av Santalmisjonen i 1986. I staden reiste me frå Klepp og ei lita barnegrav og returnerte til Finnøy.



Under eit plommetre i hagen min ligg Per på albogar og kne. Han vinn ikkje opp. Andletet viser klårt fortvilinga og nederlaget. Han har falle fordi han ikkje har krefter til å gå. Eit par gonger har han fortalt om fall, men då har han skulda på balansen, nå er det kroppen som seier at kreftene er til ende.

Så femner eg kring den sjuke kroppen, han er ikkje tung på få på føtene, me held kring einannan og står oss inn i gongen og kjellarstova hjå oss. Han har blitt skiten etter fallet, men det er uviktig, andre tankar trykkjer oss nå. Situasjonen og hendinga ropar til oss at nå er det berre ei stutt tid att til Per møter døden. Til nå har vonene om betring vore blanda med motløysa, men nå er det alvor: Livet går mot slutten. Kva skal eg makta sei? Eg har inga oppmuntring å gi som kunne gi meinig.

Bibelen kjem fram. Dersom noko skal kunna seiast med meinig så må det koma derfrå. Eg blar opp i Johannes evangliet kap 3 vers 17

«Gud sende ikkje sonen sin til verda for å döma verda, men for at verda skulle verta frelst ved han.»

Eg les vidare og kjenner at eg kan lesa med ein autoritet som eg ikkje kjenner att i meg sjølv.

«Den som trur på Han, vert ikkje dømd, fordi han har trutt på namnet å Guds einborne son.»

For ei trygg glede midt i fortvilinga.

«Den som ikkje trur, er alt dømd, fordi han ikkje har trutt på namnet å Guds einborne son.» Fortvila sanning. Me kan kalla domen ned over oss ved vår manglande tru.

Så finn eg andre stader å lesa. Orda sokk inn i oss båe, me er tome og turre, har ikkje anna å koma med enn tomleik, lengt, svolt, tørste.

«Dersom me sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss frå all urettferd.»

Inga forklaring eller oppmading etterpå. Me nestar saman hendene og eg ber: Eg ber for Per, for helsa hans, for motet, for framtida. Me tryglar for dagane som kjem.

Så ber Per. Han stotrar og tiggjar, det er ikkje velforma ord, det er ikkje den fromme sine vendingar, men den hjelpeklause sine sukk. Tiggaren veit han må tigga.

Det stilnar att. Me har bede og gråte i lag. Eg held Per over skuldra.

Eg orsakar at eg gjerne er for pågåande med å lesa og be. Han svarar med å seia gråtkvalt: «Les meir». Så finn eg fram andre mektige tekstar frå den Gode boka. Me deler ord som talar om den miskunnsame Gud, om Kristi gjerning for oss. Så bed me att.

Det vert etterkvart stilt, me kjenner oss opprivne og likevel tome, den kvardagslege stova, dei vanlege lydane frå borna i huset når oss. Det er ei heilag og ei kvardagsleg høgtid. Borna kjem inn og finn oss sitjande jamsides einannan ved bordet. «Kva er det de gjer?», «Me har snakka med einannan. Me har lese i Bibelen, me har bede. Per er ikkje god.» Dei går ut att.

Så snakkar me om helsa hans. Det er ikkje trygt for han å bu alleine lengre. Me ringjer til broren.

Frå den dagen flytter Per heim til bror sin på Øverbø. Han treng etterkvart meir og meir hjelp. Eg vitjar han ein og to gonger i veka. Så bur han ei tid hjå syster si. Ho har teke fri frå arbeidet for å stella veslebror sin. Dei er ein stor flokk, Per er vesleguten. Som liten var han svært sjuk. Då han kom seg att vart det noko særsmid omsuta for han. Dei eldre syskena har hatt særsmid syn for at det måtte gå han godt.

Seinare har eg spurt om han kunne lika å få presten på vitjing. Eg unner han å få sakramentet og nådetilsagnet. Det er så konkret, så direkte, så kraftig og så uavhengig av mine kunstige eller manglende religiøse kjensler. I nadverden møtest Herren den allmekta og eg den veike, Han den frelsande, eg den hjelpetrengjande. Han er den som metter, eg den som er svolten. Per tek imot Herrens kjøt og blod.

Fram på sumaren kjem han i lag med syster si heim att til huset sitt. Han klarer så vidt å gå inn i gongen og opp trappene. Om natta står han opp og finn seg litt mat, han sit i vind-

uet og ser ut. «Her er det fint, dette er heime». Dagen etter er han rolig, sit for det meste i stolen i stova.

Om ettermiddagen får han over seg eit kav, han syp etter anden, vert fjern og uvitar. Systera ringjer bort til meg og fortel at nå dør Per. Eg ut dørene og bort i nabohuset. Han er endå i uvit, dreg tunge pustedrag, svarer ikkje på mine tilrop.

Så vaknar han litt i senn til att, me har ringt etter ein bror og endå ei syster. Så sit me der, tri sysken og eg kring stolen i stova hans. Han ser på oss, «Eg dør vist nå». «Ja du gjer nok det, Per». Han kjenner kva som held på å skje... «Nå dør eg Aslak». «Ja, du gjer vel det»... Han vert uklår, pustar tungt og sig attende i stolen. Det vert stille gråt i stova, Per er i uvit, pusten vert meir og meir som sukk. Alle ser me at nå dør Per: «Kan du Bråtvit be Fadervår?» broren si stemme brest idet han seier det. Så held eg handa på panna til Per og bed høgt:

Fader vår, du som er i himmelen,  
Lat namnet ditt helgast,  
Lat riket ditt koma  
Lat viljen din råda på jorda som i himmelen  
Gjev oss i dag vårt daglege brød  
og forlat oss vår skuld som me forlet våre skuldmenn.  
Før oss ikkje ut i freisting,  
men frels oss frå det vonde  
**FOR RIKET ER DITT OG  
MAKTA OG ÆRA I ALL ÆVA**  
AMEN.

Per ligg bakover i stolen, pusten er stogga, augo er brostne.



# Når troen blir en belastning

*– en presentasjon av et nytt behandlingsopplegg*

VED ØYSTEIN BAKKEVIG

– spesialist i allmennmedisin, før tiden  
assistentlege ved Modum Bads Nervesanatorium,  
tilknyttet «Vita-gruppa».

## Innledning

I våre daglige møter i allmennpraksis treffer vi stadig mennesker for hvem deres religiøse tro er en ressurs i livet – både fordi det gir en relasjon til en virkelighet utenfor dem selv og en sosial tilhørighet. For mange gir innholdet i deres tro også svar på for dem grunnleggende eksistensielle spørsmål. Deres tro gir styrke i hverdagen, gir mening og trøst til de vanskelige dagene og vil i mange tilfeller være et godt utgangspunkt for et aktivt liv der de får brukt mange sider av seg selv. Religionens betydning for helse og tilfriskning er ofte blitt underkjent. I internasjonal faglitteratur, særlig fra USA, legges det stadig mer vekt på å ta med den eksistensielle/religiøse dimensjon i anamnese og behandling, på linje med øvrige livsområder som kan være viktige for pasienten.

Troens innhold kan ytre sett være det samme, men de indre psykologiske gudsbilder og de indre psykologiske gudsrelasjoner hver enkelt bærer med seg, kan være ytterst forskjellige. Dette siste er ikke så lett synlig ved korte øyeblikksmøter, men kan få veldig varierende utslag også for folks helse. Selv om det ikke er noen undersøkelser som generelt viser at mennesker med kristen tro eller tilhørighet er friskere eller sykere enn andre, kan grunnleggende vondte oppvekst-erfaringer vevet sammen med en kristen tilhørighet og erfaringer innenfor usunne kristne miljøer eller påvirkninger, føre til sykdom og livsvansker. Etter hvert vil vi kanskje få mer kontakt med dette også innenfor andre religioner.

Forståelsen av sammenhengen mellom tros- og livshistorie som bakgrunn for opplevde psykiske vanskeligheter og/eller der religiøse og eksistensielle spørsmål er flettet inn i den psykiske lidelsen, har kanskje blitt undervurdert i det allmennne psykiatriske tilbuddet. Et tilbud som kan imøtekjemme dette behovet og der den religiøse tro er en viktig ressurs i mestringen av lidelsen, er et nytt behandlingsop-

legg, Vitagruppen, på Modum Bad. Tilbuddet startet våren -99 som et fagutviklingsprosjekt kalt «Religiøse erfaringer og eksistensielle problemer som tema i psykoterapi», og er fra høsten 2000 etablert som et fast behandlingstilbud ved Modum Bad. Dette alternativet, og de foreløpige resultater fra dette prosjektet, vil jeg presentere nærmere i denne artikkelen.

## Behandlingsmodell og kort presentasjon av teoretisk grunnlag

Behandlingen er lite symptomorientert og bygger på en målsetning om integrasjon av elementer fra objektrelasjonsteori, affektteori, eksistensiell psykoterapi og narrativ teori. Ana-Maria Rizzuto, en amerikansk psykoanalytiker, har gjort banebrytende forskning omkring dannelsen og funksjonen av det indre Gudsbildet, beskrevet i boken «The Birth of the Living God». En sentral hypotese er at mennesker danner et indre Guds bilde, en psykisk Gudsrepresentasjon, som formes av tidlige erfaringer i relasjoner til mor og far eller andre viktige omsorgspersoner. Rizzuto er inspirert av den britiske objektrelasjonsteoretiker David Winnicot som så en sammenheng mellom barnets overgangsobjekt til trøst i separasjons-individuasjonsfasen og evnen til lek og kulturell utfoldelse gjennom musikk, kunst og religion senere i livet. Det religiøse liv lokaliseres i overgangsområdet mellom indre og ytre virkelighet, et hvilested i kampen for å holde indre og ytre virkelighet fra hverandre og likevel relatert.

Gudsbildet og troen kan man senere ta avstand fra, men den Gud man har tatt avstand fra kan fortsatt utøve psykologisk innflytelse. Enten en tror eller ikke tror på Gud, kan det indre guds bildet påvirke selvbildet. Sterke positive eller negative affekter kan være knyttet til Guds bildet og foreldre bildene og ligge bundet i indre «script» som aktiveres i møtet med viktige følelsesmessige og eksistensielle erfaringer senere i livet.

Psikiatriens oppgave er ikke å ta stilling til sannhetsinnholdet i religiøse trossystemer. Det faglig relevante spørsmålet er hvilken psykologisk og sosial funksjon religionen har, enten som meningsbærende ressurs for mestring og tilpas-

# og ikke en ressurs... .

ning, eller som medvirkende og vedlikeholdende årsak til personlig problematikk og utvikling av symptomer på sykdom.

Det ovennevnte er en del av den teoretiske bakgrunn for utviklingen av Vita-modellen – en gruppeterapeutisk modell – utviklet av psykolog Gry Stålsett Follesø, psykiater Arne Austad og professor i religionsvitenskap Leif Gunnar Engedahl. Intensjonen har vært å organisere en behandlingsmodell som kan initiere endringer i relasjonelle holdninger og bidra til endring av fikserte indre foreldre- og Gudsrepresentasjoner for å styrke selv-representasjonen. Dette utfra hypotesen om at terapeutisk endring av viktige objektrelasjoner, inkludert Gudsrelasjon og Guds bilde kan gi bedre selvfølelse, bedring av psykisk helse og sunnere tro, med reduserte symptomer og tilfriskning som konsekvens.

## Rammer og inntaksriterier

Rammene for behandlingen er en lukket gruppe for 8 pasienter som er innlagt i 12 uker til strukturert fokusert dagbehandling. De bor på et internat nær sykehuset hvor husfellesskapet er selvbærende, uten kvelds- eller nattpersonale, bare med tilgang til sykepleievakt i nødssituasjoner. Pasientene er selektert ut fra den vanlige søkermassen til Modum Bad der hovedtyngden ligger på langvarige depresjoner, angststideler og personlighetsforstyrrelser.

Før inntak i gruppe innkalles alle som ved søknad fra lege/psykolog eller annen terapeut, samt egen søker, synes aktuelle, til et 2–3 dagers forvern. I løpet av disse dagene foretar vi et omfattende klinisk intervju inkludert livs- og troshistorie og strukturerede, kliniske intervjuer. Disse dagene gir oss og pasienten en indikasjon på om tilbuddet er aktuelt ut fra de inntaksriteriene som gjelder. Riteriene er et definert eksistensielt/religiøst livstema, en moderat symptombelastning, tilstrekkelig jeg-styrke til å klare følelsesaktiviserende behandling uten å ty til regresjon eller utagering og motivasjon og egnethet for gruppebehandling og psykoterapeutisk behandling. Ett år etter oppholdet innkalles alle til en ukes etterundersøkelse, noe som gir oss mulighet til å samle erfaringer og evaluere behandlingsmodellen.

## Narrativ/eksistensiell terapi

Den narrative, eksistensielle og psykodynamiske tilnærmingen ligger som en grunnstrøm i det daglige arbeidet. De daglige gruppessamlingene har forskjellig fokus, men med en overlappende funksjon.

Det narrative/eksistensielle element trekkes inn rent praktisk gjennom gruppessamling en gang i uka der fokus er rettet inn mot å dele livshistorie, og religiøse og eksistensielle temaer får sin naturlige plass. For mange er bare det å fortelle fra eget liv en stor terskel å gå over. Alle i gruppa har ca 10 min. til å fortelle en historie fra eget liv som er aktuell for dem akkurat nå. Det narrative aspekt vektlegger «nøkkelfortellinger» som er knyttet til ens selvforståelse, også til ens depresjon eller angst; nøkkelfortellinger om de nære relasjoner, episoder med mor og far etc. som er med på å fargelegge de indre objektrepresentasjonene.

Å kunne fortelle sin historie slik den selv ble opplevd, er en støtte til en persons opplevelse av eget liv, å bli kjent med eget liv og «tre fram» med dette egne livet. Det gir hjelp til å vedkjenne seg sitt liv, det meningsløse, det meningsbærende, det tillitsfulle, det hjemløse, det fullbyrdede og det tomme, det oppreiste – og det skamfulle, det frie og ansvarlige – og det bundne og selvutslettende, der jeg sviktet eller der andre sviktet. Det handler også om å få et annet forhold til det som har skjedd, få en egen posisjon i forhold til sine egne erfaringer og se mer av hvilke erfaringer og personer som har formet ens liv. I neste instans er dette viktig for å kunne leve livet som sitt eget og bli møtt på det, også som en hjelp til å skape mening.

Det narrative/eksistensielle element trekkes i tillegg inn på forskjellige måter:

Undervisning om livshistorien i 3 bolker à 2 timer fordelt på hele oppholdet der første del fokuserer på livshistorien ut fra en mer generell tilnærming: mitt liv i et større kulturtelt, sosiologisk, også religionssosiologisk, og historisk perspektiv, mitt liv i lys av de nære relasjoner og familieperspektiv og tilslutt mitt liv som sentrum i min egen livserfaring. I andre del ligger fokus mer mot å se mitt eget livs historie innenfor områdene «det oppreiste livet»,

«det istykkerrevne livet», «det ulykkelige liv» og «det tapte liv». I den tredje undervisningsbolken fokuseres livshistoren i lys av de eksistensielle grunntemaene mening, tillit, døden, skylden, skammen og friheten. I etterkant av hver del av undervisningen skrives egen livshistorie som en hjelp til selv å forme, reformulere, og rekonstruere ens egen fortelling.

Dessuten brukes loggbok aktivt under behandlingen som en hjelp til å formulere og huske følelser og tanker – eksistensiell smerte og emosjonelle reaksjoner som jo ofte dukker opp på kveld og natt, for å kunne ta dem fram når dagen igjen gryr. Dermed hindres en «følelsemessig lekkasje» som går utenom den aktive terapien og gir en større mulighet for å etterspore endringer i pasientens egen forståelse av sin historie og gir han/henne hjelp til å se nye sammenhenger, ny mening og nye mål for livet videre.

Den eksistensielle tilnærming bringes også inn ved at hver uke avsluttes med en gruppessamling med oppsummering av, og hjelp til å få et «fugle»-perspektiv på hvilke eksistensielle temaer som har vært i fokus for den enkelte sist uke.

### Gruppeterapi

Oppholdet gir viktige fellesskapserfaringer med aktivering av karakteristiske samspillmønster som også bearbeides i terapien. To dager i uken er det dynamisk gruppeterapi med mulighet for å arbeide med her-og-nå interaksjoner i gruppa og overføringer som aktiviseres både i samspillet med de andre innenfor internatmodellen og i forholdet til oss som terapeuter.

### Billedterapi

En til to ganger i uka er det billedterapi i gruppe. Dette blir brukt som en projektiv metode for å uttrykke religiøst og eksistensielt stoff i symbolsk og kreativ form. Etter mønster av den amerikanske psykoanalytiker Ana-Maria Rizzuto blir pasientene tre ganger bedt om å tegne seg selv, sine foreldre og sitt bilde av Gud for å få tak i viktige dynamiske sammenhenger mellom selvbilde, foreldrebilder og Guds-bilde. Dette gir viktig informasjon om hvordan pasientens subjektive foreldre- og Guds-bilde er formet og hvilken psykisk funksjon det har. Vi ser at billedterapien for de fleste er veldig følelsesaktiviserende og bidrar både til å aktivisere underbevisste følelser og tanker og er en hjelp til å uttrykke og bevisstgjøre allerede bevisste følelser og indre opplevelser. Innenfor gruppetiden brukes den første halve timen til eget bilde og den resterende timen til å dele bildet og opplevelsen med de andre – også for å åpne for tilbakemeldinger fra de andres opplevelse av bildet, noe som bidrar til speiling og ny innsikt.

Bevissthet omkring følelser og deres betydning er en viktig del av behandlingen. Tre ganger under oppholdet er det undervisning om terapikulturen (den undersøkende kultur), følelser og «følelsenes historie» for å bevisstgjøre den enkelte og bidra til en større årvåkenhet og forståelse for ens egne følelsemessige reaksjoner. Spesielt viktig synes undervisningen om skam og egen skamfølelse i avgrensning mot skyld og dårlig samvittighet, å være.

Affektbevisstthsintervju gjennomføres ved innkomst og ved avslutning av oppholdet og viser seg ofte for pasientene å bidra til en øket bevissthet omkring følelsene interesse/iver, glede, redsel/engstelse, irritasjon/sinne, sjenanse/skamfølelse, fortvilelse/tristhet, misunnelse/sjalusi, dårlig samvittighet/skyldfølelse, ømhet/nærhet/hengivenhet og de forandringene som har skjedd i løpet av oppholdet.

Etter ca 4 og 8 uker deltar pasientene aktivt i evalueringen av egen og andres terapiprosess i form av evalueringsmøter der hele gruppa og alle i teamet deltar.

For øvrig begynner hver dag med en stille stund med lesing av en eksistensiell tekst som hjelp til indre samling, og dagene avsluttes med oppsummerende følelsemessig status eller «værmelding» og etterfølgende avspenning. Fysisk trening i form av trim, lek og turer inngår som en viktig del av behandlingen, og hver pasient får ukentlig en times individualterapi. Mot slutten av oppholdet gis det tilbud om samtaler med prest/sjelesørger. Ca 80% av de som er innlagt benytter seg av dette tilbuddet.

### Resultater

I og med at dette er en ny, integrert behandlingsform som så vidt vi vet ikke eksisterer andre steder, har det helt fra begynnelsen av vært nødvendig å dokumentere hva som blir gjort og resultatene av behandlingen. Arbeidet er i gang med å analysere resultatene for de gruppene (5 av 9) som har vært inne til ett års etterundersøkelse, til sammen 56 personer.

Gjennomsnittlig alder var 43 år, jevn fordelt på kvinner og menn der 20% hadde avsluttet grunnskole, 43% hadde videregående skole og de resterende hadde høyere utdannelse. 75% av pasientene hadde gått i poliklinisk behandling, 15% hadde vært innlagt psykiatrisk sykehus tidligere og resten ble innlagt hos oss uten forutgående terapierfaring.

Hva gjelder arbeidsevne var 68% sykmeldt og 8% hadde uføretrygd ved forvernssamtalen, mens ett år etter oppholdet var 90% i betalt arbeid. Av de som ikke var i arbeid var det 3% som fortsatt var uføretrygd.

Før behandlingen startet brukte 77% av pasientene medisiner, fordelt på antidepressiva (35%), anxiolytika (25%) og analgetika (15%). Dette var redusert til totalt 22% (antidepressiva 5%, anxiolytika 5% og analgetika 10%) ved oppfølgingen året etter.

Alle pasientene fylte ved forvern, innkrivning, utskrivning og ettervern ut mange skjemaer som er og vil bli ytterligere analysert. Så langt viser resultatene at pasientene ble mer selv-representende i løpet av oppholdet og at denne bedringen holder seg, og til og med styrkes ytterligere i det påfølgende år. Samtidig finner vi en parallel reduksjon i symptomscore (bruk av SCL-90, BDI og IIP) til sub-klinisk nivå.

